

---

Vår referanse 2020/43595-2  
Dato 20.03.2020

---

Fedje kommune  
Stormarkvegen 49  
5947 FEDJE

## Vedtak avkøyrsl - Fv. 5510 - gnr 169 bnr 1 - parkeringsplass - Fedje kommune

Vestland fylkeskommune viser til søknad om etablering av avkøyrsl til ny parkeringsplass på gnr. 169 bnr. 1 på Fedje. Det inneber at eksisterande avkøyrsl til fylkesvegen vert stengt. Søknaden er sendt oss frå Fedje kommune etter at kommunen har handsama saka etter plan- og bygningslova. Vedtaket gjeld søknad frå Einar Helge Kahrs.

### Vedtak

Med heimel i veglova [§ 40](#) og [§43](#) gir vi løyve til etablering av avkøyrsl frå Mulevegen fv 5510 til parkeringsplass på gnr. 69 bnr. 1 i Fedje kommune.

### Vilkår for løyvet

Løyvet blir gitt i samsvar med *forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg frå Vegdirektoratet 16.7.1964* og *forskrift om retningslinjer for behandling av avkjørselssaker for riksveg frå Samferdselsdepartementet 26.2.1982*.

1. Avkøyrsla skal plasserast i tråd med situasjonsplan, datert 07.10.2019. Situasjonsplanen er teikna av Kjell Arve Samnøy. I tillegg skal ein følgje krav til utforming av avkøyrsl, som følj av vedlagt prinsippskisse. Krava er mellom anna:
  - a. Siktkrav er 4 x 54 m fri sikt. Det kan ikkje vere sikhinder i siktsona høgare enn 0,5 meter.
  - b. Helling i avkøyrsla skal helle frå fylkesvegen slik at ein unngår vatn å renne inn i vegen.
2. Løyvet gjeld avkøyrsl til parkeringsplass for to bilar, for bruk av naust og båt plass.
3. Dersom det ikkje er snuplass der frå før, må det etablerast ein snuplass inne på eigedommen, slik at det ikkje blir nødvendig å rygge ut på offentleg veg.
4. Løyvet gjeld berre tilknytingspunktet til riks-/fylkesvegen. Søkar må sjølv avklare eigedomstilhøva og innhente dei nødvendige rettane som gjeld bruk og opparbeiding av avkøyrsl, frisisiktsoner og tilkomstveg. Desse rettane bør ein tinglyse.
5. Så snart avkøyrsla er ferdig bygd, må det sendast oss ei melding om at avkøyrsla er opparbeid i samsvar med krava. Avkøyrsla skal vere godkjend av Vestland fylkeskommune før byggearbeid blir set i gang.
6. Arbeidet må være starta opp innan tre - 3 - år etter at løyvet er gitt, viss ikkje fell løyvet bort.

Eigaren eller brukaren av avkøyrsele har sjølv ansvaret for at krav til utforming av avkøyrsele til kvar tid er oppfylt, mellom anna krav til friskt (jf. veglova § 43). Dersom krava ikkje er oppfylte, kan Vestland fylkeskommune trekkje tilbake løyvet.

Vi gjer merksam på at arbeidet med avkøyrsla kan krevje arbeidsvarsling og/eller graveløyve. Arbeidsvarsling skal handsamast av Statens vegvesen. Graveløyve vert handsama av Vestland fylkeskommune. For meir informasjon, sjå:

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/Arbeidsvarsling>

<https://www.vestlandfylke.no/fylkesveg/loyve-og-dispensasjonar/grave-og-framforingsloyve/>

### **Bakgrunnen for vedtaket**

Statens vegvesen skal i vurderinga leggje vekt på framkomst og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrsele frå. Haldningsklassen på staden er lite streng haldningsklasse. Dersom avkøyrsele vert utforma i samsvar med gjeldande tekniske krav, har vi høve til å gje løyve til avkøyrsele. For å få godkjent den nye avkøyrsele, må den andre vere stengt og fjerna.

### **Rett til å klage**

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart mottatt. Klageinstansen er den fylkeskommunale klagenemnda. Send klagen til Vestland fylkeskommune [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no), eller Vestland fylkeskommune, postboks 7900, 5020 Bergen.

Med helsing

Hege Løtveit  
Leiar

Kari Elster Moen  
senioringeniør


*Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift*

Vedlegg

Kopi til:  
Einar Helge Kahrs Vidnappsvegen 6


Vedlegg:

Situasjonsplan:



Vedlegg E-1


### Profilplan veg/parkering



11.12.2019


Vedlegg E-2

### Lengdeprofil veg/parkering



Prinsippskisse med krav til utforming:


## PRINSIPPSKISSE




Tilsvarende sikt lengder som vist på tegningen må også gjerast gjeldande for trafikken som kjem på hovedvegen og skal inn i avkjørsla (sikt bakover og framover langs hovedvegen)

Av hensyn til snø og vegetasjon skal det i frisiktsonen vera fritt for sikthinder høgare enn 0,5 m. over hovedvegens nivå

### Krav til svingradius for avkjørsla :



### Krav til lengdeprofil for avkjørsla/tilkomstveg:



Fedje – gnr 169 bnr 1 – Saksnr: 2020/43595-2 – 20.03.2020